

# Vest-Land Eiendom AS

Til naboer

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato: 21.02.2019

## INVITASJON TIL NABOMØTE

Meland kommune har sidan 2015 arbeida med områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy, Planid: 125620150002. Planarbeidet er eit offentleg-privat samarbeid mellom kommunen og Vest Land eiendom AS. Formannskapet i Meland kommune er planeigar.

Utkast til nytt trafikksystem er no klart, og på vegne av Meland kommune inviterer me til nabomøte for å presentera dette. Det vil bli høve til å koma med innspel til utkastet.

### Bakgrunn

Kommunestyret i Meland vedtok i møte 14.06.19, sak KS-76/2017, ei utviding av planområdet. Føremålet med utvidinga var mellom anna å greie ut om det er mogeleg å byggje ein veg til Midtmarka som knyt seg til eksisterande vegsystem og E39 sør på Flatøy. Denne vegen skal kunne fungera som tilkomstveg til fyrste byggjetrinn i planområdet, samt utbetre eksisterande vegsystem sør på Flatøy. I framtida skal vegen kunne inngå i eit samanhengande lokalvegsnett for Flatøy.

### Planprosessen vidare:

Vest Land eiendom reknar med å ha framlegg til områdeplan klart til handsaming av kommunen i løpet av våren 2019. I samband med denne sakshandsaminga vil det bli arrangert folkemøte og det vil vera ei offentleg høyring av planframlegget.

### Agenda for nabomøte:

Intro og innleiing ved Meland kommune  
Framlegg til nytt trafikksystem vert presentert av konsulent  
Diskusjon og kommentarar

Stad: Kantina i 2. høgda i Meland rådhus (inngang frå resepsjonen)

Tid: Tysdag 5. mars kl. 19-21

Med vennlig hilsen



Thomas Sandland  
Daglig leder

Vest-Land Eiendom AS  
Nøstegaten 56  
5011 BERGEN  
Tlf. +4798247602  
[thomas@sandland.as](mailto:thomas@sandland.as)

# Vest-Land Eiendom AS

